



Budsjett 2010 – vedteke i kommunestyret 17.12.2009



Innholdsliste

Budsjett 2010 - sakspapir	s. 3-6
Framlegg driftsbudsjett 2010	s. 7
Rådmannen sine overordna kommentarar	s. 8
Kommentarar til tenesteeiningane	s. 9-10
Framlegg investeringsbudsjett 2010	s. 11-12
Formannskapssak 100/09 Betalingssatsar kommunale barnehagar 2010	s. 13
Formannskapssak 101/09 Vederlag og eigenbetaling for tenester – pleie, rehabilitering og omsorg 2010	s. 14
Formannskapssak 102/09 Gebyr for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova 2010	s. 15 - 17
Formannskapssak 103/09 Plan og byggesaksgebyr 2010	s. 18
Formannskapssak 104/09 Kommunale gebyr vatn og avløp 2010	s. 19
Formannskapssak 105/09 Årsgebyr renovasjon og slam 2010	s. 20 - 21
Formannskapssak 106/09 Feie og tilsynsavgift 2010	s. 22
Formannskapssak 107/09 Betalingssatsar for skulefritidsordninga 2010	s. 23
Formannskapssak 108/09 Betalingssatsar 2010 – musikk og kulturskulen	s. 24
Formannskapssak 109/09 Skattlegging for 2010	s. 25
Informasjon, føresetnader, fristar og framdrift budsjett 2010	s. 26
Prognose frå KS (skatt og rammetilskot)	s. 27
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 100 Politiske organ	s.28
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 110 Rådmannsfunksjon	s. 29
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 210 Aurland barne og ungdomsskule og vaksenopplæring	s. 30
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 220 Kommunale barnehagar	s. 31
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 230 Flåm skule	s. 32
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 300 Helse og sosial	s. 33
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 301 NAV (kommunal del)	s. 34
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 302 Barnevern	s. 35
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 310 Pleie og omsorg	s. 36
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 500 Kommunal driftseining	s. 37
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 700 Brann og kommunal beredskap	s. 38
Driftsbudsjett pr funksjon 2010 – ansvar 900 Nøytrale inntekter og utgifter	s. 39
Budsjett 2010 – skriv frå Kyrkjelydskontoret	s. 40



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
110/09	Formannskapet	03.12.2009
105/09	Kommunestyret	17.12.2009

Saksansvarleg: Reidar Johnsen

Arkivsaknr.: Arkiv Sakshandsamar Dato
09/1065-27 K1-151 Reidar Johnsen, 57 63 29 40 08.12.2009

Budsjett 2010

Kort samandrag

Sjå vedlagt budsjettdokument for 2010.

Rådmannen si tilråding:

Budsjettet blir vedteke slik:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke som tabell side 3 i budsjettdokumentet.
2. Investeringsbudsjettet med finansiering blir vedteke som tabell side 7 i budsjettdokumentet.
3. Skjerping barnehage blir nedlagt frå 15.08.2010.
4. Undredal brannstasjon blir nedlagt frå 01.03.2010.
5. Gudvangen brannstasjon blir nedlagt 01.03.2010.
6. Det blir vedteke opptak av eksterne lån på inntil kr 14.550.000.

03.12.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møte:

Driftsbudsjettet:

Rådmannen trekte pkt. 3 i framlegget. Kr. 360.000 vert finansiert ved reduksjon av overføring til kapital.

Nye framlegg i formannskapet

Framlegg frå Ottar Steine:

Nytt pkt. : Politisk organisering skal evaluerast i 2010. *Samrøystes*

Framlegg frå Therese Turlid:

Nytt pkt :Kommunestyret vedtek å selja ein del av den kommunale bygningsmassen. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen. *Samrøystes*

Framlegg frå Ottar Steine:

Nytt pkt : Gjennomgang av kommunale vegar med omsyn til nedklassifisering. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen. *Samrøystes*

Framlegg frå Noralv Distad:

Ansvar 110 : Redusert med kr 600.000(assisterande rådmann)

Ansvar 900 : Auke med kr 600.000 som vert fordelt slik: Kyrkjeleg fellesråd auke med kr 200.000 og kr 400.000 til disposisjon kommunestyret/formannskapet.

1røyst

Framlegg frå Otter Steine:

Nytt pkt: Igangsetjing av planarbeid Kvammdal i 2010 *Samrøystes*

RØYSTING:

Pkt 3: Undredal brannstasjon: Samrøystes

Pkt 4: Gudvangen: Samrøystes

Pkt 5: Eksterne lån inn til : Samrøystes

Pkt 1: Driftsbudsjettet: Samrøystes

Pkt.2: Investeringsbudsjettet: Samrøystes

FS-110/09 VEDTAK:

Budsjettet blir vedteke slik:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke som tabell side 3 i budsjettdokumentet.
2. Investeringsbudsjettet med finansiering blir vedteke som tabell side 7 i budsjettdokumentet.
3. Undredal brannstasjon blir nedlagt frå 01.03.2010.
4. Gudvangen brannstasjon blir nedlagt 01.03.2010.
5. Det blir vedteke opptak av eksterne lån på inntil kr 14.550.000
6. Politisk organisering skal evaluerast i 2010
7. Kommunestyret vedtek å selja ein del av den kommunale bygningsmassen. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen
8. Gjennomgang av kommunale vegar med omsyn til nedklassifisering. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen
9. Igangsetjing av planarbeid Kvammdal i 2010

.....

17.12.2009 KOMMUNESTYRET

Brev frå Undredal Grendalag og Nærøy Vel vart delt ut i gruppemøte.

Handsaming i møte:

Ansvar 100 ingen merknad

Framlegg frå Noralv Distad:

Ansvar 110 : Redusert med kr 600.000(assisterande rådmann)

Ansvar 210 Ingen merknad

Ansvar 220 Ingen merknad

Ansvar 230 Ingen merknad

Ansvar 300 Ingen merknad

Ansvar 301 Ingen merknad

Ansvar 310 Ingen merknad

Ansvar 500 Ingen merknad

Ansvar 700 Framlegg frå Margunn Hylland: Brannstasjonane i Gudvangen og Undredal vert ikkje lagt ned. Auke med kr. 200.000,-. Finansiering med bruk av fond.

Tillegg: Sak om bibrannstasjonane må knytast til ferdigstilt ROS- analyse.

Ansvar 900 Framlegg frå Noralv Distad (Jf. ansvar 110): Auke med kr 600.000 som vert fordelt slik: Kyrkjeleg fellesråd auke med kr 200.000 og kr 400.000 til disposisjon kommunestyret/formannskapet.

Investeringsbudsjettet:

Investering gang – og sykkelveggar : Framlegg frå Noralv Distad: Kommunestyret vedtek prioritering i eige sak februar 2010.

Elles ingen merknad

Senterpartiet bad om gruppemøte.

RØYSTING:

Framlegg frå Noralv Distad ansvar 110: 4 røyster

Framlegg frå Margunn Hylland ansvar 700 : Samrøystes

Framlegg frå Noralv Distad: (Monica Finden gjekk frå som ugild) : 3 røyster

Investering:

Framlegg frå Noralv Distad : Samrøystes

Samla budsjett:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke som tabell side 6 i budsjettdokumentet.
2. Investeringsbudsjettet med finansiering blir vedteke som tabell side 10 i budsjettdokumentet.
3. Det blir vedteke opptak av eksterne lån på inntil kr 14.550.000
4. Politisk organisering skal evaluerast i 2010
5. Kommunestyret vedtek å selja ein del av den kommunale bygningsmassen. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen
6. Gjennomgang av kommunale vegar med omsyn til nedklassifisering. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen
7. Igangsetjing av planarbeid Kvammdal i 2010
8. Driftsbudsjettet blir vedteke som tabell side 6 i budsjettdokumentet.
9. Brannstasjonane i Gudvangen og Undredal vert ikkje lagt ned. Auke med kr. 200.000,-. Finansiering med bruk av fond. Sak om bibrannstasjonane må knytast til ferdigstilt ROS- analyse.
10. Investeringar gang- og sykkelveg :Kommunestyret vedtek prioritering i eige sak februar 2010.

KS-105/09 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke som tabell i budsjettdokumentet.
2. Investeringsbudsjettet med finansiering blir vedteke som tabell i budsjettdokumentet.
3. Det blir vedteke opptak av eksterne lån på inntil kr 14.550.000
4. Politisk organisering skal evaluerast i 2010
5. Kommunestyret vedtek å selja ein del av den kommunale bygningsmassen. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen
6. Gjennomgang av kommunale vegar med omsyn til nedklassifisering. Framlegget må sjåast i samband med økonomiplanen
7. Igangsetjing av planarbeid Kvammdal i 2010
8. Brannstasjonane i Gudvangen og Undredal vert ikkje lagt ned. Auke med kr. 200.000,-. Finansiering med bruk av fond. Sak om bibrannstasjonane må knytast til ferdigstilt ROS- analyse.
9. Investeringar gang- og sykkelveg :Kommunestyret vedtek prioritering i eige sak februar 2010.

BUDSJETTFRAMLEGG FRÅ FORMANNSKAPET TIL KOMMUNESTYRET 17.12.2009				
		Framlegg		
	Øko.plan	Budsjett	Budsjett	Vedteke buds.
Ansvar	2010	2010	2009	2010
Ansvarsområde 100 Politisk leiing	2 400 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000
Ansvarsområde 110 rådmannsfunksjon	14 000 000	13 900 000	14 400 000	13 900 000
Ansvarsområde 210 ABV	16 000 000	15 825 000	15 600 000	15 825 000
Ansvarsområde 220 Barnehagar	2 800 000	3 260 000	3 600 000	3 260 000
Ansvarsområde 230 SUF	5 500 000	5 350 000	5 600 000	5 350 000
Ansvarsområde 300 Helse og sosial	10 550 000	6 925 000	6 600 000	6 925 000
Ansvarsområde 301 NAV Aurland	-	4 550 000	2 400 000	4 550 000
Ansvarsområde 302 Barnevern	-	2 800 000	2 500 000	2 800 000
Ansvarsområde 310 Pleie og omsorg	34 050 000	34 000 000	35 000 000	34 000 000
Ansvarsområde 500 Kommunal driftseining	19 000 000	18 100 000	18 600 000	18 100 000
Ansvarsområde 700 Brann og komm beredskap	3 200 000	3 000 000	3 300 000	3 000 000
Ansvarsområde 900 Nøytrale inntekter/utgifter	8 400 000	8 200 000	8 300 000	8 200 000
Sum netto utgifter drift	115 900 000	118 310 000	118 300 000	118 310 000
Inntekter/utgifter utanom ansvarsområda over:				
Skatteinntekter	-64 300 000	-65 000 000	-61 300 000	-65 000 000
Rammetilskot	-11 300 000	-12 200 000	-11 300 000	-12 200 000
Eigedomsskatt	-42 000 000	-44 800 000	-42 400 000	-44 800 000
Konsesjonsavgift	-14 000 000	-14 000 000	-12 900 000	-14 000 000
Andre generelle statstilskot	-1 500 000	-1 650 000	-1 790 000	-1 650 000
Sal av konsesjonskraft (netto)	-5 500 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Mva komp investeringar	-	-	-5 000 000	-
Renteinntekter	-4 300 000	-3 600 000	-3 700 000	-3 600 000
Utbyte	-	-600 000	-600 000	-600 000
Renteutgifter	5 400 000	5 100 000	4 900 000	5 100 000
Avdrag på lån	5 500 000	6 650 000	5 500 000	6 650 000
Mottekne avdrag på lån	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Avsetning til disposisjonsfond	-	-	-	-
Avsetning til konsesjonsavgiftsfond	14 200 000	15 400 000	15 400 000	15 400 000
Bruk av konsesjonsfond til investering	-	-6 110 000	-5 705 000	-6 110 000
Bruk av fond til forskottering Vassbygdvegen	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
Overført til investeringsbudsj. (fond)	2 900 000	6 110 000	6 595 000	6 110 000
Overført til investeringsbudsj. ("driftsoverskot")		2 390 000		2 390 000
Sum inntekter	-115 900 000	-118 310 000	-118 300 000	-118 310 000
Netto resultat (balanse)	0	0	0	0

Rådmannen sine overordna kommentarar

Utgangspunktet for budsjettet for 2010 er at driftsutgiftene no er på eit nivå som ikkje samsvarar med inntektsnivået i Aurland kommune. Dette har samanheng med stor lønsauke samt auke i stillingar som til dels ikkje har vore finansiert. I tillegg har ikkje inntektsnivået auka tilsvarande slik at det etter kvart har vorte eit sprik mellom inntekter og det utgiftsnivået ein er på no. Rådmannen meiner at tal årsverk må ned, men at vi skal gjennomføre dette ved å "kjøpe oss tid", i staden for å gå om oppseiingar. Dette medfører at vi har lagt inn bruk av fond i ein kort overgangsfase på område der vi ser at det vil vere muleg å redusere bemanninga og vi samtidig har personar som naturleg vil gå av i løpet av forholdsvis kort tid. Totalt ligg det inne bruk av fond med kr 2,7 millionar kroner til stillingar i drift i dette budsjettet. Dei fleste av desse stillingane vil bli avvikla gjennom naturleg avgang, og dei einingane som vil bli berørt vil bruke tida framover til å omstille seg. Det er også lagt inn tiltak i dette budsjettet som vil bety strammare økonomi på alle område og dette kan gå ut over kvaliteten og tenestetilbodet på ein del område. Vi har også lagt inn ein del konkrete tiltak i dette framlegget 2010 mellom anna nedlegging av brannstasjonane i Undredal og Gudvangen. Når det gjeld andre tiltak på litt lengre sikt vil vi ta dette inn som ein del av økonomiplanarbeidet utover 2010. Ein må også sjå på investeringsbudsjettet i denne samanheng. Lånegjelda til Aurland kommune har auka ganske mykje siste åra og sjølv om vi framleis ligg lågt i høve dei andre kommunane i Sogn og Fjordane er det grunn til å vere merksam på at renter og avdrag i driftsbudsjettet etter kvart har vorte ein betydeleg kostnad. Målet må vere at vi ikkje aukar lånegjelda meir, noko som betyr at vi ikkje bør ta opp meir i nye lån enn det vi betaler i avdrag på gamle. I dette framlegget ligg det inne lån med kr 14.550.000 medan avdrag ligg inne med kr 6,5 mill, men det må her nemnast at det allereie er teke opp meir lån i 2009 enn det vi vil bruke til årets investeringar slik at ca 6 mill i ubrukne lånemidlar kan overførast til 2010. Dette skuldast at vi ikkje vil investere så mykje som planlagt i 2009 blant anna på grunn av ei forskyving av skuleprosjektet.

Budsjettprosessen

Samla rammer til drift var ut frå økonomiplanen kr 115.900.000. Dette var brukt som ramme for einingane i september. Oppdraget for einingane var å lage eit budsjett innan 30.9 der ein heldt seg innan ramma og der ein skreiv kommentarar om konsekvensar og tiltak dette ville medføre. Det var her lagt inn premissar om lønsvekst på 3 % samt tilhøyrande sosiale kostnader. Dei aller fleste einingane la fram budsjett i tråd med dette, men peika på konsekvensar og tiltak som måtte gjennomførast for å få dette til. Det har so vore ein runde med formannskapet der tenesteleiarane har lagt fram og kommentert sine budsjettframlegg.

Inntetsfòresetnader

Skatteinntekter

Skatteinntekter er lagt inn med kr 65.000.000 som er i tråd med siste prognose frå KS og som er 0,7 mill over økonomiplan.

Rammetilskot

Rammetilskotet er lagt inn med 12,2 mill som er i tråd med siste KS – prognose som er oppdatert etter framlegget til statsbudsjettet for 2010.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten er stadfesta til 44,8 mill etter at vi har fått stadfesta skatt på kraftanlegg frå Sentralskattekontoret. Dette er ein auke på 2,4 mill frå årets tal.

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgifta vil bli auka frå 12,9 mill til 14,0 mill i 2010. Dette skuldast at den blir indeksregulert kvart 5. år. Denne blir avsett til konsesjonsavgiftsfondet.

Andre generelle statstilskot

Dette er i hovudsak tilskot frå Husbanken som gjeld rentekompensasjon på investeringar innan pleie og omsorg og skule.

Sal av konsesjonskraft

Vi føreset at dette blir gjort sameleis som i 2009 og at netto overskot blir ca 5 mill. Det blir lagt på 5 øre på det som blir selt til Aurland Energiverk (alminneleg forsyning).

Renter/avdrag

Dette er rekna ut frå det vi vil ha i lån i 2010. Rentesats på det vi har flytande er rekna ut frå omtrent same rentesats som no.

KOMMENTARAR TIL TENESTEEININGANE

Dette er eit kort resyme ut frå det som er skrivne og sagt i budsjettprosessen på dei ulike einingane.

Ansvar 100 (politiske organ)

Budsjettet er lagt inn som ramma. Dette føreset at ein i liten grad brukar varamedlemar i møter. Det ligg inne fast møtegodtgjersle i det som er vedteke, men avtalane for godtgjersle bør gjennomgåast i 2010.

Ansvar 110 (rådmannsfunksjonen)

Ramma er helden her. Dette er dels gjort gjennom bruk av fond i ein periode for å få tal tilsette ned ved hjelp av naturleg avgang. Dei tiltaka som kjem inn under dette i 2010 er:

- Løn juridisk rådgjevar – midlertidig stilling finansiert ved bruk av disposisjonsfondet
- Prosjektstilling informasjonsmedarbeidar. Midlertidig stilling over 2 år som blir finansiert ved bruk av disposisjonsfondet. Dette er oppgåver blant anna med oppdatering av internett, informasjon til pressa og "journalistisk" arbeid som har vore og er mangelfull i kommunen per i dag. Vi bruker ein person som allereie er tilsett på ansvar 110.
- Kulturformidlar. Stillinga blir ikkje budsjettert med ekstern person. Ein kan sjå på ei løysing med rekruttering internt.
- Rådgjevar næring/rasprosjekt. Denne stillinga er direkte retta mot næring og blir finansiert gjennom konsesjonsavgiftsfondet.

Ansvar 210 (Aurland Barne- og ungdomsskule og vaksenopplæring)

ABU kuttar 0,5 årsverk frå august. Personalressurs på ungdomssteget blir redusert og overført til 1. – 4. Klasse for å stetta krav om styrking her. 10 % løn i vidareutdanning blir finansiert ved bruk av kompetansefondet (statlege midlar).

Ansvar 220 (barnehagar)

Skjerpning barnehage blir budsjettert nedlagt frå 15.8.2010. På årsbasis vil innsparinga på dette vere ca 360.000 (0,8 årsverk). Kr 210.000 vil vere direkte reduserte utgifter frå 15.8 til 31.12. Utgiftene på den eine personene fram til 15.8 blir finansiert ved bruk av disposisjonsfondet. Ein ser barnehagane under eitt i denne prosessen og vil med det kunne redusere med 0,8 årsverk.

Kostnader til ferievikarar er strokne, det vil seie at ein må samordne barnehagane i juli månad slik at berre ein barnehage er open, samt at ein må fordelt ferieavviklinga utan å ta inn vikarar.

Ansvar 230 (Flåm skule)

Det er gjort kutt i driftsutgifter for å nå ramma. Den lokale samarbeidsordninga innanfor ÅLAV med 10 % reduksjon i undervisninga for lærarar på vidareutdanning fell bort deler av året og vil gi ei innsparing på i underkant av 100.000. Skuleskysst til elevar som bur nær skulen må vurderast om dette treng nyttast.

Ansvar 300 (helse og sosial)

Budsjettet er lagt opp med dei stillingane som er der pr i dag etter at NAV og barnevern er trekt ut samanlikna med tidlegare år.

Ansvar 301 (NAV kommune)

På NAV-kontoret betaler kommunen halvparten av løna til den nye leiaren i tillegg til eit årsverk som er flytta over. I og med at tidlegare leiar framleis har stillinga som leiar for helse og sosial vil dette medføre ein stillingsauke på eit halvt årsverk. Økonomisk sosialhjelp som no ligg under NAV – kontoret har vore underbudsjettert tidlegare, medan det no er lagt inn realistiske summar ut frå tidlegare tal. I fjor var det opphaveleg budsjettert med 1 mill her medan det ser ut som vi kjem ut med ein kostnad på 1,7 mill. For neste år er det lagt inn 1,5 mill her. NAV overtek tenester som tidlegare har lege under pleie og omsorg. Totalt vil dette utgjere kr 1.680.000 ut frå erfaringstal og dette er no lagt inn i budsjettet for NAV og trekt ut av pleie og omsorg. I tillegg har ein no budsjettert med ein 50 % stilling som konsulent for funksjonshemma som ikkje har lege inne i budsjettet tidlegare, men som det er vedtak om skal opprettast. NAV – kontoret ønskte også å styrke rusomsorga, men vi har ikkje lagt dette inn i framlegget, men det vil bli jobba med dette i samband med økonomiplanen til våren.

Ansvar 302 (barnevern)

Barnevern har budsjettert ut frå vedtekte stillingar samt samarbeidsavtalen med Lærdal. Dette medfører auka kostnader samla, i tillegg ligg det eit tiltak som kostar ca kr 800.000 i året som tidlegare ikkje har vore budsjettert, men som no er teke med ut frå at vi veit at tiltaket vil halde fram i 2010.

Ansvar 310 (pleie og omsorg)

Det ligg inne at NAV overtek støttekontakt, omsorgsløn, avlastning og brukarstyrd personleg assistanse. Budsjettet er redusert med ein 50 % stilling under føresetnad av at AKAS tek over oppgåver i vaskeriet. Kommunen kjem i 2010 til å gå inn igjen i innkjøpsordninga med fylket noko som vil medføre reduserte utgifter på ein del innkjøp i pleie og omsorg. Det er ikkje lagt inn midlar for å setje i gang tiltak i handlingsplanen for demensomsorga i budsjettet for 2010.

Ansvar 500 (kommunal driftseining)

Kommunal driftseining har redusert ramma si frå opphaveleg 19 mill til 18,1 mill. Driftsutgifter er redusert på ABU i samband med ombygging samt at det er gjort reduksjon i vedlikehald på bygga generelt. På inntektssida er det lagt inn husleigeinntekter samt gebyrauke på reguleringsplanar.

KDE og Brann har i dag ei ordning med ein person som er delt mellom desse to einingane. Vi tek sikte på at denne stillingen blir teken bort og at vi i ein overgangsfase fram til naturleg avgang finansierer denne med bruk av fond. Dette vil utgjere kr 150.000 i innsparing for KDE og kr 150.000 i innsparing for brann.

Ansvar 700 (brann og kommunal beredskap)

Brann er lagt inn med reduksjon på 200.000 i følge ramma. Det er lagt inn med nedlegging av brannstasjonen i Undredal og brannstasjonen i Gudvangen. Dette vil medføre ei samla innsparing på ca kr 230.000. Det er lagt inn ein auke på inntekt med sal av tenester på kr 25.000 samt ein reduksjon i innleigd hjelp frå andre kommunar til tilsyn på kr 50.000.

KDE og Brann har i dag ei ordning med ein person som er delt mellom desse to einingane. Vi tek sikte på at denne stillingen blir teken bort og at vi i ein overgangsfase fram til naturleg avgang finansierer denne med bruk av fond. Dette vil utgjere kr 150.000 i innsparing for KDE og kr 150.000 i innsparing for brann.

Ansvar 900 (nøytrale inntekter/utgifter)

På ansvar 900 er det oppretta 2 funksjonar for tilretteleggingstiltak og lærlingar som går på tvers av einingane. Dei som er på tilretteleggingstiltak er i systemet, medan lærlingane er inne i opplæringa. Støtte til kyrkjeleg fellesråd og Spiren Barnehage ligg inn med same beløp som i 2009. Summen som er sett av til uføresette hendingar til disposisjon for kommunestyre/formannskap er redusert frå 1 mill til 0,5 mill.

Investeringar

Vi har gått gjennom investeringane ut frå økonomiplanen og ut frå ønskje. Investeringa til skulen vil i 2010 utgjere 18 mill etter dei opplysningane vi har fått. Vi meiner at dei investeringane som er ført opp samla er på eit forsvarleg nivå økonomisk sett i samanheng med driftsbudsjettet.

Investeringsbudsjett 2010

Ansvar	ÅR	2010	2010
	Tiltak	Framlegg (heile 1000)	Økonomiplan (heile 1000)
110	Geovekst	0	100
110	Tettstadutvikling, m. a Opparbeiding Aurlandsvengen	1 000	1 000
110	IKT- Investeringar inkl.- ÅLAV	1 000	1 500
110	Investeringar kyrkja	0	400
500	Trafikktryggingssplan	250	250
500	Reguleringsplan - Trafikktiltak Gudvangen	500	1 000
500	Gang- og sykkelveggar	1500	1 500
500	Kommunale bruer/Fretheim bru	400	400
500	Utsifting maskiner & Utstyr KDE	500	950
500	Utsifting leikeanlegg	0	100
500	Kommunale eigedomar	2 000	3 000
500	Kommunale bustadfelt/bustadføremål	300	1 000
500	Rehabilitering ABU	18 000	13 000
500	Restaurering Otternestunet	800	800
500	Rehab/ombygg/ENØK Heradshuset	0	2 000
500	Kloakkreinseanlegg Vassbygdi	2500	0
	Sum tiltak:	28 750	27 000

Finansiering

Overført frå drift:	2.390.000
Bruk av konsesjonsavgiftsfondet:	6.110.000
Mvakomp:	5.600.000
Trafikktryggleiksmidlar:	100.000
Eksterne lån:	14.550.000

Sum finansiering 28.750.000

I høve til økonomiplan for perioden 2010 -2013 er desse prosjekta teke ut:

110	Geovekst	0	100
110	Investeringar kyrkja	0	400
500	Utsifting leikeanlegg	0	100
500	Rehab/ombygg/ENØK Heradshuset	0	2 000

Kommentar – prosjekt som er føreslege teke ut av framlegg til økonomiplan for 2010:

- 1) **Geovekst** er å sjå på som driftstiltak og må dekkast over driftsbudsjettet.
- 2) **Investeringar kyrkja.** Kyrkja har ikkje kome med inspel om trong for investeringar i 2010.
- 3) **Utsifting av leikeanlegg** er så sjå på som driftstiltak og må dekkast over driftsbudsjett.
- 4) **Rehab/ombygg/ENØK Heradshuset.** Aurland kommunestyre har satt ei råme for prosjektet på 5 mill. I K-sak 044/99 er det gjort slikt vedtak:
"Kommunestyret vedtek at eksisternade arbeidsgruppe held fram med arbeidet som plangruppe med mandat å utarbeide ein detaljert plan som syner framdrift, finansiering og drift for iverksetjing av dei ulike tiltaka som ligg i forprosjektet og

Galleri Winjum. Planen skal leggjast fram for godkjenning i formannskap og kommunestyre i tide til å vurderast i samband med budsjett 2010."

Dette ligg ikkje føre og prosjektet vert difor å ta opp til ny vurdering i samband med neste revisjon av økonomiplan.

Kommentarar – framlegg til investeringsbudsjett for 2010:

Tettstadutvikling, m. a Opparbeiding Aurlandsvengen

Posten skal nyttast til slutføring av inngått kontrakt om opparbeiding av utomhusanlegg Heradshuset (Skjerdal landskapspleie A/S)

IKT- Investeringar inkl.- ÅLAV

Posten skal nyttast til kommunal andel av investeringar i tilknytning IKT løysingar for ÅLAV.

Trafikktryggingsplan

Posten skal nyttast til mellom anna kommunal andel i trafikksikringstiltak som er innarbeidd i trafikksikringsplan. Tiltaka skal elles finansierast gjennom aksjon skulevegmidlar.

Reguleringsplan - Trafikktiltak Gudvangen

Posten skal nyttast til slutføring av reguleringsplan for Gudvangen og detaljplanlegging av trafikktiltak.

Gang- og sykkelveg

Posten skal nyttast til slutføring av planarbeid og anbudsgrunnlag for gang og sykkelveg på strekninga Ystebøen-Høydalen, samt kommunal andel i opparbeiding av anlegget.

Kommunale bruer/ Fretheim bru

Posten skal nyttast til utbetring av kommunale bruer, jf. Rapport frå Safe Control. Elles er det føreslege midlar til utbetring av Nedre Flåm bru i samband med at vegstrekninga vert overteke av Statens vegvesen.

Utskifting maskiner & Utstyr KDE

Posten skal nyttast til utskifting av 1 stk arbeidsbil m/brøyteskjær.

Kommunale eigedomar

Posten skal nyttast til rehabilitering av kommunal eigedomar på grunnlag av utarbeidd prioriteringsplan. Kommunale eigedomar har eit dokumentert etterslep på vedlikehald om ca 25 mill. kr.

Kommunale bustadfelt/bustadføremål

Posten skal nyttast til tiltak i tilknytning til reguleringsplan for Smiebakken.

Rehabilitering ABU

Posten skal nyttast til gjennomføring av godkjend forprosjekt for rehabilitering av ABU 1974 og SFO.

Restaurering Otternestunet

Posten skal nyttast til slutføring av inngått kontrakt om restaurering av "Oddastova" (Knut Olav Lie)

Kloakkreinseanlegg Vassbygdi

Posten skal nyttast til gjennomføring av kloakkreinseanlegget. I 2009 er det utført detaljprosjektering av anlegget og anbudsgrunnlag. Aurland kommune har overteke anlegget frå ECO og pr i dag er anlegget ikkje godkjend av Fylkesmannen.

100/09: Betalingssatsar - Kommunale Barnehagar Aurland 2010

Rådmannen si tilråding:

Betalingsssatsane for barnehageplassar i Aurland blir auka frå 01.01.09, og skal vera:

100% plass, heildagstilbod (5dg/lang dag):	kr	2 330,-
100% plass, kortdagstilbod (5dg/kort dag):	kr	1 770,-
Deltidsplassar, 40%, 50% eller 60%:		Prosentvis av heile plassar.
Kjøp av ein-skilddagar:	kr	125,-
Gebyr for sein henting	kr	110,-
Søskkenmoderasjon:		50% for barn 2, 75% for barn 3.

03.12.2009 FORMANNSKAPET

FS-100/09 VEDTAK:

Betalingsssatsane for barnehageplassar i Aurland blir auka frå 01.01.09, og skal vera:

100% plass, heildagstilbod (5dg/lang dag):	kr	2 330,-
100% plass, kortdagstilbod (5dg/kort dag):	kr	1 770,-
Deltidsplassar, 40%, 50% eller 60%:		Prosentvis av heile plassar.
Kjøp av ein-skilddagar:	kr	125,-
Gebyr for sein henting	kr	110,-
Søskkenmoderasjon:		50% for barn 2, 75% for barn 3.

Samrøystes

.....

17.12.2009 KOMMUNESTYRET

KS-094/09 VEDTAK:

Betalingsssatsane for barnehageplassar i Aurland blir auka frå 01.01.09, og skal vera:

100% plass, heildagstilbod (5dg/lang dag):	kr	2 330,-
100% plass, kortdagstilbod (5dg/kort dag):	kr	1 770,-
Deltidsplassar, 40%, 50% eller 60%:		Prosentvis av heile plassar.
Kjøp av ein-skilddagar:	kr	125,-
Gebyr for sein henting	kr	110,-
Søskkenmoderasjon:		50% for barn 2, 75% for barn 3.

Samrøystes

.....

101/09: Vederlag og eigenbetaling for tenester - pleie, rehabilitering og omsorg 2010

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek desse satsane:

1. Middag kr 53,-, dessert/suppe kr 16,-, frukost/kvelds kr 28,-.
2. Leige av trygghetsalarm kr 85,- pr mnd.
3. Heimebaserte tenester tildelt etter Lov om sosiale tenester §4-2 bokstav b,c er utan vederlag, jfmr merknader til forskrift § 8-2.
4. For korttidsopphald samt dag og/eller nattopphald i sjukeheim er eigenbetalinga til ei kvar tid den som blir fastsett i forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. For tida er satsane kr 121,- for døgnopphald og kr 61,- for dag eller nattopphald.
5. Vederlag for opphald i institusjon blir regulerte i tråd med forskrift "vederlag for opphold i institusjon m.v.
6. Eigenbetaling for praktisk bistand blir ført vidare som abonnementsordning dersom ein mottek over 6 timar hjelp i månaden. Satsane for eigenbetaling pr mnd. blir då slik:
0-2 G kr 105,-
2-3 G kr 330,-
3-4 G kr 620,-
4-5 G kr 935,-
Over 5 G kr 1 300,-

Ved tildeling av 6 timar eller mindra pr månad betaler brukaren timepris etter følgjande satsar.

- 0-2 G kr 16,- pr. time
- 2-3 G kr 44,- pr. time
- 3-4 G kr 88,- pr. time
- 4-5 G kr 136,- pr. time
- Over 5 G kr 190,- pr. time

7. Dagtilbod for heimebuande demente, kr 100,- pr dag

03.12.2009 FORMANNSKAPET

FS-101/09 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek desse satsane:

1. Middag kr 53,-, dessert/suppe kr 16,-, frukost/kvelds kr 28,-.
2. Leige av trygghetsalarm kr 85,- pr mnd.
3. Heimebaserte tenester tildelt etter Lov om sosiale tenester §4-2 bokstav b,c er utan vederlag, jf merknader til forskrift § 8-2.
4. For korttidsopphald samt dag og/eller nattopphald i sjukeheim er eigenbetalinga til ei kvar tid den som blir fastsett i forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. For tida er satsane kr 121,- for døgnopphald og kr 61,- for dag eller nattopphald.
5. Vederlag for opphald i institusjon blir regulerte i tråd med forskrift "vederlag for opphold i institusjon m.v.
6. Eigenbetaling for praktisk bistand blir ført vidare som abonnementsordning dersom ein mottek over 6 timar hjelp i månaden. Satsane for eigenbetaling pr mnd. blir då slik:
0-2 G kr 105,-
2-3 G kr 330,-
3-4 G kr 620,-
4-5 G kr 935,-
Over 5 G kr 1 300,-

Ved tildeling av 6 timar eller mindra pr månad betaler brukaren timepris etter følgjande satsar.

- 0-2 G kr 16,- pr. time
- 2-3 G kr 44,- pr. time
- 3-4 G kr 88,- pr. time
- 4-5 G kr 136,- pr. time
- Over 5 G kr 190,- pr. time

7. Dagtilbod for heimebuande demente, kr 100,- pr dag

Samrøystes

.....

17.12.2009 KOMMUNESTYRET

KS-102/09 VEDTAK:

Saka vert utsett og sendt på høyring.

Samrøystes

.....

102/09: Gebyr for forvaltningsoppgåver etter matrikkelova 2010**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret vedtek vedlagd *Gebyr for forvaltningsoppgåver etter matrikkelova* til grunn for ilegging av gebyr etter matrikkelova for 2010.

Gebyra blir innarbeida i prislista for 2010 for alle kommunale forvaltningsoppgåver og tenester.

03.12.2009 FORMANNSKAPET**HANDSAMING I MØTE:**

Framlegg til gebyrsatsar var ikkje knytta opp til saka, og vart lagt fram som eit eige vedlegg i møtet. Formannskapet hadde ikkje merknader til framlegget, som vart samrøystes vedteke.

FS-102/09 VEDTAK:

1	Framlegg til gebyr etter matrikkelova – Aurland – 2010		
	Gebyr for arbeid etter matrikkelova (Lovas § 32, forskriftene § 16) blir fastsett som følgande:		
1.1	OPPRETTING AV MATRIKKELEINING		
1.1.1	Oppretting av grunneigedom og festegrunn		
	areal frå 0 – 500 m ²	kr	6 000
	areal frå 501 m ² – 2000 m ²	kr	10 000
	areal frå 2001 m ² - auke pr. påbegynt da.	kr	1 000
1.1.2	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn		
	areal frå 0 – 500 m ²	kr	6 000
	areal frå 501 m ² – 2000 m ²	kr	10 000
	areal frå 2001 m ² - auke pr. påbegynt da.	kr	1 000
1.1.3	Oppmåling av uteareal på eigarseksjon		
	Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon		
	areal frå 0 – 50 m ²	kr	4 000
	areal frå 51 – 250 m ²	kr	6 000
	areal frå 251 – 2000 m ²	kr	8 000
	areal frå 2001 m ² - auke per påbegynt da.	kr	600
1.1.4	Oppretting av anleggseigedom		
	Gebyr som for oppretting av grunneigedom		
	volum frå 0 – 2000 m ³	kr	12 000
	volum frå 2001 m ³ – auke pr. påbegynt 1000 m ³	kr	800
1.1.5	Registrering av jordsameige		
	Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige blir fakturert etter medgått tid.		
1.2	OPPRETTING AV MATRIKKELEINING UTAN FULLFØRT OPPMÅLINGSFORRETNING		
